

Anders T. Veland  
Hosøyvegen 126  
5993 Ostereidet

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
29. 08. 2014	
Ark. saksnr.	Løpnr.
Saksnr.	Tilgangskode

Hosøy 27.08.14

Stranda båtforening  
v/Atle Veland

Eg har motteke ei utgreiing frå båtforeninga gjeldande den påtenkte småbåthamna, lagt på austsida av sjøfyllinga – veg til Hosøy.

Styret for båtforeninga ønskjer å få vite korleis «fastbuande og hyttefolk på Hosøy» stiller seg til desse planane som er lista opp på skissa som ligg føre.

Her er nokre av mine merknader til planane:

Eg har tenkt, at kom der ei båthamn her ved Hosøyvegen måtte denne kome fastbuande parselleigarar frå Strandabygda til nytte, på lik line med dei naust og båtfesterettar som dei fleste bruk på Stranda har ved sjøen.

Eg meiner so då at helvta av det som er lagt opp til her av båt plassar må vera rikeleg til å dekkje «vår» del av Stranda.

Dei to flytebyggene si plassering på skissa ligg lagt utafør arealet som Lindås kommune har i sin kommuneplan. Der er ein eventuell marina plassert austom Storskjæret.

Ser at det blir lagt opp til ca. 40 båt plassar i den påtenkte båthamna! Her vil eg stille eit stort spørsmål: Kvar henne i rimeleg nærleik har båtforeninga tenkt å finne plass til 40 stk. parkeringsplassar?


Skal båthamna romma 40 båt plassar må der tilretteleggast 40 parkeringsplassar, som må merkast med same nr. som båteigarane har i båthamna.

Blir det gjeve løyve til båtforeninga å etablere seg med flytebyggjer, vil eg be Lindås kommune, som er eigar av sjøfyllinga, om ikkje å gje løyve til forankring av anlegget i vegfyllingsmassen, då vind og straum stadig vil halde desse fortøyingane i rørsle med «rykk og napp», som kan medføra utrasing av stein/fyllmassar.

Kopi til Lindås kommune

Vedlegg kopi av orientering frå Stranda båtforening

Helsing  
Anders T. Veland



2/8-2014

**Til beboerne på Hosøy'na og naboer til Hosøy veien.**

**Sak:** Orientering til beboerne på Hosøy i anledning planlegging av Småbåthavn langs Hosøy veien.

Som dere sikkert er kjent med ble Stranda Båtforening stiftet sommeren 2013. Det er i dag ca 35 medlemmer som ønsker plass i båthavnen.

Vi arbeider med en plan for å få realisert ca 40 båtplasser fordelt på 2 flytebrygger langs Hosøyveien. Se illustrasjon på bildet:



Håpet vårt er å få godkjent anlegget hos kommunen uten å måtte utarbeide en omfattende reguleringsplan. En slik plan er svært kostbar og tilfører, etter vår mening, ikke prosjektet noe av verdi.

Vi holder på med å utarbeide en dispensasjonsøknad fra regleringsplanen og går denne i orden, blir det snarest utarbeidet en vanlig byggesøknad.

I en slik byggesøknads prosess vil alle naboer få anledning til å uttale seg om prosjektet via vanlig nabovarsel.

For at dispensasjonssøknaden skal bli best mulig ønsker vi allerede nå å få tilbakemelding fra naboene om deres holdning til prosjektet.

Planforslaget kan dere finne på nettet på: [www.Stranda-batforening.blogspot.no](http://www.Stranda-batforening.blogspot.no)

Vi har desverre ikke ePost adr. til naboene, men dere kan kontakte oss i styret så vil vi bidra etter beste evne med å besvare event spørsmål. ePost og telefon nr. finner dere i slutten av orienteringen.

**Styret i Båtforening ønsker i denne forbindelse en tilbakemelding fra dere naboer om dere er positive eller negative til en slik foreslått løsning til båthavn langs Hosøyveien. Har dere andre invendinger/forslag så tar vi imot disse med takk.**

Helst ønsker vi en telefon, tekstmelding eller ePost til styret om dere syns forslaget er greit eller om dere syns det ikke er greit og litt om hvorfor.

Dersom vi ikke hører noe fra deg innen 30 aug. 2014 oppfatter vi det som om at du ikke har noen innvendinger. Husk; det blir vanlig nabovarsling ifm byggesaken senere i prosessen.

Vennlig hilsen Styret

Atle Veland  
Telf: 901 21 620

Kjell Ove Østerbø  
Telf: 905 21 074

Arne Hosøy  
Telf: 481 42 565

ePost: [smaabaathavn@gmail.com](mailto:smaabaathavn@gmail.com)